



Alver kommune  
Postboks 4  
5906 FREKHAUG

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

## Uttale - Alver - 29/5 - Hauge - etablering av mobilmast - dispensasjon

Vi viser til brev frå kommunen datert 08.11.2021. Saka gjeld søknad om dispensasjon for etablering av ei mobilmast på 24 meter og ei utstyrshytte. Tiltaket er i forbindelse med Telenor Norges planer om utbetring av mobildekning og kapasitet i området (stadnamn Trollhaugane).

Det er naudsynt med dispensasjon frå LNF-formålet i kommuneplanen.

### Statsforvaltaren sine merknader

Kommunen kan berre dispensere dersom omsynet bak føresegna det vert dispensert ifrå, omsyn til plan- og bygningslova sine formål eller nasjonale eller regionale interesser, ikkje vert vesentleg tilsidesette. I tillegg må fordelane ved å gi dispensasjon vere klart større enn ulempene, jf. plan- og bygningslova (pbl.) § 19-2 andre ledd.

Om aktuelle omsyn ikkje vert vesentleg tilsidesette, må kommunen i tillegg vurdere om fordelane er større enn ulempene. Ein mobilmast kan vurderast som samfunnsnyttig. Kommunen må likevel gjere ei vurdering av kor stor samfunnsnyttan er og kva andre aktuelle verdiar som er området og verknaden av tiltaket på desse.

Tiltaket skal plasserast i eit viktig friluftsområde. Tiltaket si plassering vil sannsynlegvis påverke folk si turoppleving i dette området. Det er då viktig at dette vert tilstrekkeleg vurdert opp mot ev. alternative plasseringar og at det eventuelt vert sett vilkår om avbøtande tiltak. Det kan også vere fornuftig med eit vilkår om fjerning og tilbakeføring av tiltaket om det i framtida kjem ny teknologi, eller at andre tilhøve gjer at tiltaka ikkje lenger er naudsynt.

Dette er tredje søknad om mobilmast i registrerte friluftsområde i Alver kommune på kort tid. Det kjem ikkje fram om det vil kome fleire søknader. Vi vurderer det som uheldig at søknadene kjem som separate søknader, og ikkje som ein samla søknad. Desse sakane bør vurderast samla.

Statsforvaltaren ber om å få eit eventuelt positivt vedtak til klagevurdering.



Med helsing

Frida Halland  
seniorrådgjevar

Hege Brekke Hellesøe  
seniorrådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Kopi til:  
Vestland fylkeskommune Postboks 7900 5020 BERGEN